



Referat frå felles møtet i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet på Vats skule

Dato: 06.05.19

Til stades:

Venke Lothe (lærer/driftsgruppa), Bjarte Vårvik (lærer/driftsgruppa), Nina Ramsfjell (kommunal repr.), Perly Sandvik (leiar FAU) Randi Lea-Kolltveit (sekretær FAU), Anne Brith Grønnestad (andre tilsette) Marius Gjellestad (leiar elevråd), Emilia Aaserød (skrivar elevråd), Grethe Halvorsen (rektor)

Ekstra representantar til SMU: Jone Frantsen (elevrådet) og Arild Eide (kasserar FAU)

***Saker frå FAU:**

Ingen saker

***Saker frå Elevrådet:**

Ingen saker

***Saker frå personalet/rektor:**

Skulemiljøet psykososialt

Rektor informerte om dei forskjellige årlege trivselsundersøkingane som skulen har vore med på. Det er jamt over gode resultat. Elevane trivst og har nokon å vera saman med. Nokon få føler seg plaga og skulen jobbar heile tida både med klassemiljø generelt, og med enkeltsaker. I haust var det meir knuffing og fysiske konfliktrar, spesielt på småskuletrinnet. Dette er blitt betre i vår.

Når det gjeld nasjonale prøvar i 5.klasse ligg me i år på landsgjennomsnittet i rekning. Me ligg over landsgjennomsnittet i engelsk og lesing.

Skulen går kvart år gjennom resultata for å finna ut kva me må jobba meir med, om ein finn mønstre som går att, om det er meir me kan gjera på førehand osv. Målet er å få fleire elevar frå lågaste trinn, opp på mellomste trinn og fleire frå mellomste trinn opp på høgaste trinn.

Skulemiljøet fysisk

Etter tilsynet i 2017 fekk me som tidlegare nemt ein del avvik på uteområdet til skulen. Det er kommunaltekniske tenerstar som skal ordna desse. Dei har sagt at det no er Vats skule sin tur til å bli renoverert. Det gjeld spesielt asfaltdekke rundt skulebygningen.

5.-7.kl-sitt uteområde treng og å fornyast. Elevane har fått komme med forslag til kva dei ynskjer på uteområdet sitt. FAU og grendelaget har søkt om midlar frå forskjellige organisasjonar.

Idettslaget har planar om ein Tufte-park (park med ute-treningsapparater) mellom skulen og kunstgrasbanen. Den kan og elevane bruka! Tusen takk til SK Vats!

Vats skule får ny rektor frå 01.08.19. Det er Hilde Pedersen Åsbø som blir ny rektor. Ho jobbar i dag som inspektør på Ølen skule. Grethe Halvorsen skal til Vågen skule og jobba som lærar der.

I år har skulen hatt mykje sjukefråvær i personalet. Det har vore vanskeleg å oppretthalda stablitet med same vaksne. Nokre klassar har hatt forskjellige vikarar inne, både når det gjeld lærarar og assistentar.

Det blir jobba mange timar kvar veke med å skaffa vikarar. Me har mange flinke på lista vår, men det er ikkje alltid dei kan komma og vikariera.



Skulen håper at foreldra har forståing for situasjonen. Me skal prøva å informera godt dersom det blir langvarige endringar i klassane.

Bjarte informerte litt om den nye ikt-planen i kommunen. Per i dag har 5.-7.kl kvar sin iPad. I løpet av hausten vil fleire klassar få egne Ipad-ar. Skulen kjem tilbake med meir info over sommaren.

Anne Brith, som har ansvar for reingjeringa, oppmodar foreldra til å ta ein tur innom garderoben til eleven sin for å ta med seg gjengløynde klede, gymklede, sko, vinterklede osb. Det er mange gode klesplagg som «ingen» eig! Hugs å skriv namnet til eleven i klesplagga!

***Eventuelt:** Ingen saker

Skrivar Grethe Halvorsen